



Midtre Nordfjord Turlag



ÅRSMELDING 2021/2022

STYRET

- Katrine Fjellestad Aske – leiar
- Regine Johansen- nestleiar
- Irene M. Lunde- styremedlem
- Stein Inge Strøm – sekretær
- Svein Otto Melheim – kasserar
- Helge Aske - styremedlem
- Ståle Austrheim og Siri Nesbakk – varamedlemmar

MØTER

Vi har hatt 8 møter og behandla 59 saker i år. I tillegg har vi handtert saker pr. epost, facebook og telefon.

REPRESENTASJON (dei viktigaste)

Irene er styremedlem i SFT

Katrine har representert MNT i Ålfotbreen landskapsvern og Naustdal og Gjengedal landskapsvern

SAMARBEID

Eit godt samarbeid gjev resultat. Vi samarbeider sjølvsagt med Sogn og Fjordane Turlag (SFT), og DNT sentralt.

Andre samarbeidspartar er Landskapsvernet som vi både merkar og utbetrar stiar ilag med, i tillegg til at vi får støtte for utført arbeid i vernet. Vi har og innverknad på kva tiltak som blir utført.

Kommunane hjelper oss med grunneigaravtaler, samarbeid om skilting og merking mm. Eid Ungdomsskule med Opptur.

Nordfjord Folkehøgskule stiller med 3 aktivitørar som hjelper oss med MNT Ung Grunneigarar er viktig for å få løyve til og skilte og merke, i tillegg til at nokre utfører merking.

Trivselsskogen er eit stort frilufsprosjekt som utfører enormt med dugnadsarbeid til glede for mange.



MEDLEMMAR

Medlemsoversikt pr. november 2022:

Antall av Membership #	Kolonneetiketter				Totalsu m	Førre år
	Utanfor Eid og Stad	GLOPPEN	STAD	(tom)		
Radetiketter						
Born (0-12 år)	3	80	79		162	184
Skule (13-18 år)		70	20		90	99
Ungdom (19-26 år)		64	47		111	85
Hoved (27-66 år)	7	298	217		522	548
Senior (over 67 år)	1	73	47		121	111
(tom)						
Totalsum	11	585	410		1006	
førre år	17	568	426		1027	
Endring	-6	17	-16		-21	

Utvikling av tal medlemmar dei siste åra:

Dato	Totalt
01.07.2006	350
05.09.2007	345
13.10.2008	459
05.08.2009	493
12.10.2010	585
19.10.2011	622
15.10.2012	609
30.10.2013	600
01.11.2014	634
25.10.2015	700
01.11.2016	840
01.11.2017	935
01.11.2018	1020
01.11.2019	1080
01.11.2020	1011
01.11.2021	1027
01.11.2022	1006



T-TUR

Klippekort-turar for unge og voksne. Vi har 10 turar på Eid, og 10 i Gloppen. Nokre deltakarar har teke turane på begge stadar. Turane ligg på app'en til DNT: Ut.no. Vi har og T-tur for alle i Gloppen, tilrettelagt for dei med utfordringar.

Totalt har 38 gått 10 turar. (12 på Eid og 26 i Gloppen) (41 førre år)

T-tur Eid 2022

INFORMASJON

BILDER

SJEKKUT-STATISTIKK

Statistikk 01.01.22 til 16.10.22

38

Følgere

439

Besøk totalt

73

Unike personer som har besøkt

12

Personer har besøkt på alle i lista

T-tur Gloppen 2022 - unge og voksne

INFORMASJON

BILDER

SJEKKUT-STATISTIKK

Statistikk 01.11.21 til 20.11.22

60

Følgere

936

Besøk totalt

148

Unike personer som har besøkt

26

Personer har besøkt på alle i lista



TURAR

5 var på tur til Gjegnen

10 på tur på Haugabreen

5 var med til Jolhornet

5 deltok på topptur-/skredkurs til Svinestranda for unge og voksne

18 gjekk turen til Snønipa frå Myklebustdalen

Turane til Skårasalen og Seltuftnibba blei avlyste.


UTLÅN AV UTSTYR

Kajak og kano-
utleie 2022 MNT



54

Totalt antall turer

Turer fordelt på type



Turer fordelt på lokasjon



Turlaget lånar og ut sikringsutstyr, truger, stavar og Via Ferrata-utstyr.



MNT Ung 2022

Det har vært gjennomført flere aktiviteter igjennom året. Vi har hatt hjelp av stipendiater fra Nordfjord Folkehøyskole på flere av aktivitetene. Dette har vi satt stor pris på.

Aktivitetene som har vært gjennomført er:

- Kveldskjøring i slalåmbakken på Utvikfjellet har vært gjennomført to ganger.
- Topptur/skredkurs fra Kleivane mot Svinestranda.
- Introkurs i havkajak. Her var Gloppen Padleklubb leid inn som instruktører.
- Kveldspadling på Gløppefjorden med grilling av pølser.
- Stisykling på Vereide.
-

Tillegg til dette er det planlagt klatring i Trivselshallen 27.11.22.

Det kjekkeste med opplegget er at flere unge i Gloppen har fått testet nye aktiviteter gratis bla med støtte frå Gjensidigestiftelsen.

Det klart største arrangementet i UNG-sammenheng er Opptur. Opptur er ein nasjonal turdag der 8. klassingar over heile landet vert inviterte til ein dag med friluftsliv, fysisk aktivitet og naturopplevingar.

Arrangementet er eit kjempeløft for introduksjon av friluftsliv i nærmiljøet til denne aldersgruppa. Irene M. Lunde er ansvarleg frå turlaget når det gjeld Opptur på Eid. Det var ca. 80 elevar og 5 lærarar som deltok.

Årsmelding 2022, MNT senior

MNT senior har gjennomført to av tre annonserte turar i 2022.

Turen til Nyken i Dvergsdvergsdalen i Jølster i juni vart avlyst grunna regn og nysnø på toppen dagane før.

Sørsendalen i Kandalen var turmålet vårt i august. Vi var ti spente seniorar som starta turen med lågt skydekke og tåke i høgda. Ønsket om å sjå Sørsendalen og Sørsendalsvatna med blå himmel og solskin vart oppfylt.

Siste helga i september var sju turglade seniorar på tur til Tungestølen. Laurdag gjekk vi inn Austerdalen til vi fekk utsyn mot brearmane Odin, Tor og Loke. Ein fin tur i flotte haustfargar og sommertemperatur. Laurdagskvelden fekk vi servert god middag av vertskapet og tid til sosialt samvær. Søndag morgon etter ein solid frukost takka vi for oss på Tungestølen. Turen vidare gjekk til Nyestølen og inn Langedalen. Ein tur i flatt terreng i vill og urørt natur fram mot det breiaste brefallet i Jostedalsbreen.



Midtre Nordfjord Turlag



Bente Ellingvåg, turleiar

Årsmelding Stad gålag 2022:

Stad gålag vart oppretta vinteren 2022. Først hadde vi besøk av Oddvar Flæte frå Sogndal gålag, som kom med gode tips og råd. Deretter hadde vi idémyldring på tidspunkt på turane og kva turar vi ville gå dette året. Inspirasjon kom frå boka Opptur Stad, der vi sette opp turar frå dei ulike bygdene i Stad kommune.



Første turen vart gjennomført i strålende sol ute ved havet: frå Indre til Ytre Fure.



Vi har totalt hatt 16 turar, ein gong i veka, med unntak av sommarferien. Turane vart gjennomført uansett vær. Vi har satsa på onsdag ettermiddag, klokka 17.00 som avgang. Når vi har hatt lang reiseveg eller lang tut, har vi reist frå Eid kl. 16.30.

Til saman var 71 ulike personar med på tur, frå 2 stk. til heilt opp i 38. Vi har annonsert kvar tur på Stad gålag si Facebookside, med turrappport etterpå. Neste år er det ynskjeleg å også annonsere turane på heimesida til MNT. Stad gålag har no over 300 følgjarar på Facebook.



Vi har hatt mange fine turopplevingar i år, og håper på like stort oppmøte og engasjement i 2023. Turane vil starte opp att etter påske. Kanskje blir det og sett opp trugetur no i vinter?



UTSTYRSLISTE MIDTRE NORDFJORD TURLAG – EIGE LAGER

ANTAL	TYPE/MERKE	TOTALT
7	Kroppsele Petzl	7 kroppselser
10	Brystsele Edelrid	
7	Brystsele Edelrid	
4	Brystsele Edelrid	
4	Brystsele Mammut	25 brystseler
9	Sittesele DMM	
9	Sittesele Singing Rock	
7	Sittesele Petzl	25 sitteseler
1	Isøks Grivel	
2	Isøks Camp	3 isøkser
4	Isøks gamle m/treskaft	
1	Isskruer Grivel 22 cm	
3	Isskruer Grivel 17 cm	
5	Snøanker DMM	5 snøanker
2	Tau Gule	
2	Tau Blå	
4	Bre-tog kjøpt 2014	8 Bre-tog
7	Tau Raude (korte)	
37	Tau Lilla (korte)	
8	Tau Kvite (korte)	52 korte tau
2	Brodde Camp	
8	Brodde system Avcin	10 sett brodde
7	Brodde (gamle) framfot	
1	Førstehjelpsveske	
1	Vindsekk Ajungilak	
3	Øyebolter	
1	Snøspade	
1	Stor gammel kaffekjele	
46	Lagsmerker	
20+18	DNT-nøklar	
1	Fotoapparat	
1	Satellitt-telefon	
16	Via Ferrata-slynger kjøpt 2014	
16	Hjelmar	
1	Vindsekk for to	
5	Oregon GPS (4*600, 1*650)	
5	GPS-kart Ålesund	
5	Tre-telt	
5	Hengekøyer	
4	Truger	



Midtre Nordfjord Turlag



4	Kanoar	
16	Kajakkar	

DUGNAD

Som ein del av rapporteringa til DNT skal vi sende oversikt over dugnadstimar. Vi har hatt ca. 1 670 dugnadstimar knytt til aktivitet og 870 dugnadstimar er blitt brukt administrativt. I tillegg kjem dugnaden til BT i Gloppen og Eid.

SKILTING/MERKING

Vi har skilta og merka ein del dei siste åra, i år har vi merka både på Eid og i Gloppen.

Vi har 280 km merka ruter.

TRIVSELSSKOGEN

Trivselsskogen er nasjonalt pilotprosjekt for nærturar i DNT. Vi har også i år delteke på nokre dugnader, og hatt ulike arrangement her.

Styret i MNT

Katrine Fjellestad Aske - leiar

Regine Johansen - nestleiar



Midtre Nordfjord Turlag



Styret i Barnas Turlag Eid har vore samansett slik:

Livar Bergheim	(ny2022)
Einar Andre Varvik	(ny2022)
Ida Malen Sørensen	(2019)
Jan Frode Kleppe Haavik	(2019, leiar)
Monika Solheim	(2020)
Oda Tørset	(2021)
Reidun Vambeset	(2021)

Vi har arrangert 2 KDU dagar, 1 lommelyktstur, 7 trilleturar og 1 teltovernatting, i tillegg har vi hatt Turbotrim med 10 turar retta mot barn.





Midtre Nordfjord Turlag



13 voksne og barn blei med på teltovernatting ved Asbjørnstova 10-11 september. Kvelden gjekk fort unna og ved mørkets fall var det endeleg moglegheit for å finne fram lommelykter og leike gøymsle og andre nattleikar i skogen. Om ein blei kalde, så var det varme i både bålpanne og bål. Kiddsa fekk prøve seg både med øks og sag for å sanke inn til båla. Dei som ville, fekk prøve seg på å tenne bål med flint, kløyve ved og spikke pinnar.

Vi har hatt 3 styremøte og 2 workshops sidan januar 2022.

Vi held kontakt på Messenger og Facebook, og det fungerer greit.

Vi har hatt 200 dugnadstimar dette året.

På KDU-dagene er vi alle saman, i tillegg til nokre «innleigde» hjelparar.

I år har vi ingen tal på kor mange som har deltatt på turbotrim-turane, sidan vi ikkje har nytta bok for registrering.

Arrangement	Tal deltakarar
Kom deg ut dag vinter	48
Kom deg ut dag Høst	39
Lommelykttur 2021	80
Teltovernatting	13
Totalt	180

Eid, 10. nov. 2022, Jan Frode Kleppe Haavik (leiar).



Årsmelding Barnas Turlag Gloppen 2022

Styret i Barnas Turlag i Gloppen i 2022

- Ingunn Reikvam Ravnestad
- Svein Gunnar Heggheim
- Stian Hansen
- Marianne Bakketun (leiar)
- Eirin Bakketun
- Ingrid Wergeland Hansen
- Vegard Lilleheil

Arrangement i 2022

Dato	Stad	Turmål/tema
Laurdag 7.februar	Kleivane - Gloppestadstøylen	Kom deg ut-dag med ski og leik i snøen
Søndag 24.april	Vereide	Sykkeldag
Søndag 5.september	Veslevatnet	Kom deg ut dag med kajakk, fiske, hengekøyer, turtipp og popkorn/bålkaffi på bålpanna
Laurdag 1.oktober	Tin-camp	Internasjonalt treff i samarbeid med Gloppen Røde Kors, Bondekvinnelaget, og Gloppen Seniordans
Fredag 26.november	Tin Camp	Lyslotta og premieutdeling



- På KDU i vinter var det heilt greit oppmøte, men vi hadde håpa på fleire. Vegen var glatt, så mogleg det gjorde at nokre heldt seg heime. Litt ruskete vinterver, men dei som var der ga uttrykk for å ha hatt det fint.
- På sykkeldagen på Vereide var det godt oppmøte, fint ver og ein veldig kjekk dag. Vi brukte uteområdet til Nordstranda bhg som base, og det var ideelt, sidan det var mange små med. Neste sykkeltur må vi legge opp til ein lengre sykkeltur. Politiet stilte, og ga oss innføring i kva som trengs når vi er trafikantar.
- På KDU i haust var det nydeleg vei, og Veslevatnet er eit supert område å vere på. Kajakkklubben stilte med dyktig instruktør. Vi tente i bålpannene, og poppa popkorn og kokte bålkaffi. Vi hadde også tatt med diverse utstyr frå lageret: hengekøyer, uteleikar, fiskestenger, redningsvestar, slakk line. God stemning og veldig bra oppmøte.
- Gløppen Røde Kors Omsorg kom med forespørsel om vi kunne delta på Internasjonalt treff i Trivselsskogen 1.oktober. Vi repeterte mykje av det vi hadde på KDU haust. Mykje folk, og stor stas å sitte ved fullt langbord og nyte mat frå alle mulige verdsdelar.
- Vi hadde premieutdeling og lommelykttur i Tin-Camp. Det var veldig stas at nesten alle barna kom for å hente premiane sine. Firda Tidend kom også, og vi fekk veldig fin dekning av ein trolsk kveld i skogen.

Turbotrimmen

Vi fekk inn ca. 60 turbotrimkort i år.

I år har vi ikkje kategorisert turane til ulike årstidene. Vi hengte opp kassene etterkvart som dei blei godt tilgjengelege via trakka skispor eller tørre stiar. Vi annonserte på facebook etterkvart som postane kom opp.

Vi har hatt ute følgjande trimpostar i 2022:

Heilårsturar

- Haugsvarden
- Blånibba
- Svinestranda
- Røsskleivvatnet
- Gapahuken på Åsebø
- Støyvastøylen
- Holestøylen
- Traudalsvatnet
- Nautefjellet
- Engesetåsen
- Gløpestadstøylen

I år fekk barna termoflasker i premie. Vi bestilte desse hos Repix, og fekk dei merka med logoen vår.



Midtre Nordfjord Turlag



Marknadsføring

Facebook er ein viktig kanal for marknadsføring, og vi har no 614 følgjarar på sida vår. Vi når mange foreldre via Facebook, og kan linke vidare til nettsida for meir informasjon. Vi har beslutta at vi ikkje lenger heng opp plakatar. Vi har vore aktive på facebook, ved å legge ut info og bilete om turbotrimpostane etterkvart som dei har kome opp, ved å minne om arrangement, etc.

Lager

Styret har ikkje telt over utstyret på lageret hittil i år. Reknar med oversikta frå i forfjor er nokså dekkande: Lavvo, multiduk, fiskestenger, stjernekkert, bålpanner, kaffikjellar, suppegryte, sekk med utstyr inkl. stempel, lamineringsmaskin, div. premiar, refleksvestar, merkeband, Turbofjellrev, hyller, 4 KDU banner, BT flagg, 10 stykk skiltpålar, 10 stykk turkasser, 12 stykk oppheng, klippetenger, bøker (Med barn på tur/Lek og lær/Turlederbok), div utstyr turtipp, lita veske m skismøring, refleksar til lommelykttur, geocaching boksar, 2 bøtter, 3 bakebollar med lokk, 3 vassdunkar, søkestong, kjegler og vippebrett til sykkelstur, sneller til turbotrimkort, slakk line. I 2021 har vi ikkje innkjøp, utover utstyr til dei ulike aktivitetane.

Barnas turlag har framleis to geocaching-boksar i Gloppen: 1 sentralt på Sandane og 1 på Ravnestadstøylen. Styret er usikre på kor aktuelle disse er no, og vil drøfte det ved eit seinare høve.

Styrearbeid

Styret har hatt fire styremøte i år. Vi har hatt desse hos leiar. Vi kjenner det er viktig å samlast, slik at vi også får det sosiale rundt det.

Tal dugnadstimar er estimert til om lag 90 timar administrasjon og 100 timar aktivitet. I tillegg kjem 30 timar arbeid knytt til Kom deg ut-dagane. Samla utgjer dette om lag 220 dugnadstimar. Barnas Turlag Gloppen har ikkje hatt deltakarar på kurs i 2022.

Sandane, 11.11.2022

Marianne Bakketun